

KYRKJEBLAD



B

FULLDISTRIBUSJON
RETURADRESSE:
Prosit design og
kommunikasjon as
Pb.122,6659 Rindal

Februar 2012

«Timen er komen då Guds herlegdom skal lysa om Menneskesonen.» Joh 12,23

Nr. 1 – 72.årgang

O Herre, la mitt øye

O Herre, la mitt øye
få se, mens mørket rår,
hvor dypt du vil deg bøye
inn under våre kår.

Det er vår egen time,
vi står ved mørkets port
og ser den siste strime
av jordisk lys dø bort.

Inn i vår død du skuer
den endeløse stund
da angstens flammer luer
i natten uten bunn.

Vår død til liv du vender
når du for oss vil dø.
Du er i våre hender.
Nå brytes livets brød.

Ja, jeg har voldt deg pine,
men du vil be for meg.
Du nevner meg blant dine.
I mørket ser jeg vei.

Din korsvei skal jeg finne.
Du møter meg på den.
Din kjærlighet skal vinne
mitt tapte liv igjen.

O Herre, du vil bære
ditt kors i alles sted.
Deg være evig ære!
Du er vårt liv, vår fred.

Svein Ellingsen
NoS nr.132 v.1-4 og 6-8



Ressurssenter

Kyrkja er eit ressursenter. Kyrkja har eit mannskap som er utdanna og kvalifisert, som har erfaring og kompetanse til å stilla opp og hjelpe, i krisesituasjonar, i sorgarbeid, i sjelesorg. Kyrkja har ekspertise på åndelege og eksistensielle spørsmål.

Dei som arbeider i kyrkja ønskjer at dei som treng det, skal søkja hjelp. Dei ønskjer at kyrkja skal vera open og inkluderande. Om ikkje alle opplever det slik, bør dei seia frå.

Under terrorkatastrofen i fjor viste kyrkja at dei var beredt. Dei hadde ein beredskapsplan som fungerte raskt. Kyrkja og helsevesenet fekk best attest

etterpå. Dei var vant til å møte menneske i kriser, katastrofer og sorg. Dei var vant til å visa omsorg.

Kyrkja skal først og fremst føra menneske til Gud. Da må medarbeidarar sjølv koma til Gud og vigsle seg til han, slik vi ser på biletet.

Vi går inn i fastetida med fiolett farge, bot og bøn. Filosofen Henrik Syse seier i eit intervju med Krigsropet: "Hvis vi får et samfunn der vi ikke kan snakke om synd og skam og skyld, så tror jeg det blir et veldig fattigslig samfunn."



ØRE

Øre - Gjemnes

Kyrjekontoret 71 29 39 00
 Telefaks 71 29 38 28
 E-post sokneprest: petter.dahle@
 gjemnes.kommune.no
 Biletet: Øre kyrkje

Lys Våken

I adventstida vart det arrangert Lys Våken helg både i Øre og Gjemnes kyrkjer.

Det var god oppslutning på begge plassar. I Gjemnes var gudstenesteverkstedet også delvis eit kreativt arbeid for å pynte kyrkja. Her ser vi ivrige deltakarar i arbeid med det materialet som menighetsrådet hadde skaffa til veie.

Tekst og foto PD

Kvinnenes bønedag

Kvinnenes internasjonale bønedag er som vanleg første fredag på mars, i år 2.mars. Bønedagen blir arrangert for kvinner i over 170 land og regionar over heile verda. Kvinnegrupper frå forskjellige kristne kyrkjesamfunn samlast og les same tekster og bed same bønner frå eit program som er utarbeidd i eit av landa. I år er det kvinner i Malaysia som har utforma programmet ut frå temaet: Lat rettferd vinna fram.

Forfølgjing

Trusfridomsorganisasjonen Open Doors rangerer kvart år dei 50 landa i verda der forfølgjing av kristne er verst. Situasjonen for kristne verda over har vorte verre. Verst er det i Nord-Korea, som topper lista for tiande gong på rad. På grunn av isolasjon, veit ein ikkje antal martyrar, men det blir anslått at mellom 50.000 og 70.000 kristne befinn seg i Nord-Koreas berykta fangeleirar.

Vidare på lista finn vi land som Afghanistan, Saudi-Arabia, Somalia, Iran, Maldivene, Usbekistan, Jemen, Irak og Pakistan. Av 50 land på lista for 2012 er 38 muslimske land.

Også i Sudan og Nigeria er det stor grunn til bekymring. Det er stadfest 300 drepne kristne. I Egypt leid 60 kristne martyrdøden i fjor.

Ref: Åpne Dører Norge, VL

«Det å fullstendig lukke ute religiøs undring og trosrefleksjon blir som å trekke ned gardinen halvveis, slik at man bare ser de nederste etasjene av huset, gata og fortauet. Og så sier man: Det finnes ikke noe annet.»

Henrik Syse – filosof



Stat/kyrkjesaka

I 2008 vart det inngått eit stat/kyrkjeforlik mellom alle partia på Stortinget, noko som inneber at tilhøvet mellom stat og kyrkje blir endra, der staten blir fristilt frå bindinga til den evangelisk-lutherske konfesjon. Kyrkja skal fortsatt vera ei landsdekkjande folkekyrkje, men med fridom til å velja eigna biskopar og prostar etc. Statskyrkja blir avvikla, noko som krev grunnlovsendringar. Som forutsetnad for at regjeringa kunne gå inn på desse endringane, var ein godkjent demokratireform, noko som kyrkja har gjennomført og kyrkjestatsråden har godkjent. Før alt er på plass, skal ei detaljert ny kyrkjelov vedtas.

Presterekord

Talet på nye prestar i den norske kyrkja har tatt seg kraftig opp dei siste par åra, etter ein dramatisk nedgang i fleire år. I fjor vart det ordinert 56 nye prestar, fleire enn noko år sidan 2007. Noko av forklaringa er at det no er fleire menn som utdanar seg til prestar. Av fjorårets nye prestar var 60 prosent menn.

Behovet er truleg på rundt 60 prestar kvart år.

Leiar i Presteforeninga (PF) Gunnar Mindestrømmen har vore ein pådrivar for målretta rekrutteringstiltak.

Ordinerte prestar i Møre bispedøme i 2011 var 2 menn.

Ref: VL



Foto: PD



TINGVOLL

Tingvoll - Straumsnes

Menighetskontoret 71 53 01 23
 Telefaks 71 53 12 40
 E-post: post@kirken.tingvoll.no
 Biletet: Straumsnes kyrkje

Evakueringsøving i Tingvoll kyrkje julaftan

Sjølv om ingen er særleg klar over det, blei det gjennomført ei prikkfri evakueringsøving i Tingvollkyrkja julaftan. Då fekk truleg alle 295 som var der med seg kva dører som skal nyttast ved evakuering. Då gudstenesta var slutt var kyrkja tom på 7 minutt, inklusive takkoffer og handhelsing i tillegg til at dei fleste gjekk gjennom hovuddøra. Om det skulle bli ei verkeleg evakuering ein gong, så skal ein gå ut på same måten, men slik at ein fordeler seg på alle utgangane. Utan takkoffer og handhelsing på presten vil det gå på under tre minutt, og då held det godt. Ved ei evakuering skal alle samle seg på kyrkjelydshuset etterpå for registrering. Då kan ein jo helse på presten om ein vil også.

Tekst: ØF
 Foto: KF



Ny gudsteneste

Det er sett i gang eit stort arbeid i heile kyrkja vår for å fornye og vitalisere gudstenesta. Heretter kan det bli større variasjonar på gudstenestene frå ei kyrkje til ei anna. Målet er at gudstenestene skal tilretteleggast etter lokale tilhøve – såkalla stadeingjering. Samtidig er det ønskjeleg at mange personar og grupper blir involvert i planlegging og gjennomføring av gudstenestene.

Indre Nordmøre har hatt kurs for å setje i gang prosessen med dette.

Kurshaldarane var ikkje henta inn frå Kyrkerådet eller bispemøtet, det var våre lokale folk – Erik Fostervoll og Bjørn Hovde. Dei sette oss inn i tankegang og arbeidsmetodar for å skape ei ny gudsteneste. Vi sang nye melodiar på liturgiske ledd, vi arbeidde i grupper og høyrde fore-

drag. Og framfor alt: Vi lærte ikkje berre om gudstenesten, vi feira gudsteneste saman.

No blir utfodringa til kvar enkelt kyrkjelyd: Korleis skal Kyrie og Gloria høyrast ut? Eller melodiane under nattverden? Kvar skal syndsvedkjenninga plasserast? Korleis skal forbøna vere? Skal takkofferet samlast inn i benkane eller ved alteret? Skal vi sitte eller stå når vi syng salmane – og høyrer bibeltekstane? Desse og mange fleire spørsmål skal no kvar enkelt kyrkjelyd finne sine svar på. Blir du ikkje utfordra av sokneråd eller gudstenesteutval, så la deg engasjere likevel!

Poenget er ikkje å finne på noko nytt, poenget er å ha gudstenester som er våre – her vi er.

Tekst: Petter Dahle
 Foto: KF og PD



«Våre liv vil alltid være en svimlende gåte. Det er vel ikke noe annet svar på livets gåte enn det vi leser i evangeliene. Det er det nærmeste Gud vil slippe oss. Antakelig er det slik at vi ikke vil tåle å komme nærmere. Men aller størst er Jesu store gåte. Han overlater oss ikke til oss selv. Han holder oss oppe selv om vi ikke ser ham.»

Arnold Eidslott – forfatter



SUNNDAL

Hov - Romfo - Øksendal - Ålvundeid

Menighetskontoret 71 69 23 00
 Telefaks 71 69 25 44
 Åpningstider: ma-fre 09.00-15.00
 E-post: ekspedisjon@sunnal-kirke.no
 Kirkeverge: Stig Rune Andreassen
 E-post: stig@sunnal-kirke.no
 Bildet: Middelaldarkrusifiks,
 Romfo kyrkje

Nyttårskonsert i Grøa Bedehus

Som et ledd i dåpsopplæringa engasjerer vi noen gamle konfiser som freelansjournalister for oss. Det første oppdraget deres var å dekke nyttårskonserten på Grøa.

(Jan Fredrik Laskerud)

Søndag 22. januar var det nyttårskonsert i Grøa Bedehus. Det ble en kveld med gode musikalske innslag og trivelig sosialt samvær. Tor Strand startet kvelden med Bach på kirkeorgelet. Senere ble det innslag med de unge, lokale musikerne, Hanna Gravem og Ole Erik Holthe Leangen. Mannskvartetten hadde innslag, og Bjørn Hovde var også ivrig med.

I pausen ble det servert kaffe og noe å bite i.

Etter pausen var det for det meste Tor Strand, Bjørn Hovde og Ola Bræin som stod for musikken. Det hele ble rundet av med allsang på Deilig er jorden, og publikum sang så det ble rene julestemninga.

Etter vellykket underholdning fikk vi noen ord med en av arrangørene, Gunnlaug Bræin.

Hun fortalte at kvelden overgikk forventningene. Det kom så mye folk at flere



Bjørn Hovde, Ola Bræin og Tor Strand.



Alle bidragsyttere på konserten. Hanna og Ole Erik, Ola Bræin, Bjørn Hovde, Tor Strand og mannskvariteten

stoler måtte plasseres ut. Dette var bare til glede. De forteller at dette er det 8. året det blir holdt slik nyttårskonsert på Grøa. Tradisjonen startet med at bedehuset fikk et kirkeorgel i gave av Knut Arnesen. Arran-

gørene forteller også at de hvert år prøver å få med en variert aldersgruppe, og det hadde de lyktes godt med i år. De ønsker å fortsette å utfordre slike unge musikere. Hun synes det er spesielt koselig i år når det var Grøaugdom som stilte opp.

Det er mye å stille i stand for et slikt arrangement, forteller Gunnlaug. Men det er den samme komiteen og faste oppgaver, så det går greit. Hun synes det er en koselig tradisjon og at det sosiale er viktig for lokalmiljøet.

Gunnlag synes det var høy kvalitet på musikken og var veldig stolt av aktørene.

Vi journalistene synes også det var en koselig kveld og håper de forsetter tradisjonen i mange år til.



Ungdommene Hanna og Ole Erik som var ungdommene som bidro.

Vi snakket med noen av musikerne.

Hanna Gravem og Ole Erik Leangen deltok på konserten med tre sanger. «Free falling», «Who says» og «Looking out my backdoor». De spiller ikke fast ilag, men har likevel opptrådt sammen tidligere. Låtvalget var ganske tilfeldig. Grunnen til at disse tre sangene ble valgt, var fordi de har framført dem før og kunne de godt. «Og så liker vi John Mayer ganske godt,» sier Hanna Gravem. De er begge enige om at det er morsomt å spille for masse folk. Da vi spurte om det var ekstra nervepirrende å spille ved samme anledning som Tor Strand og Ola Bræin, som begge er ganske

proffe, svarte de at det hadde de ikke tenkt så mye over. Det var med andre ord helt greit.

Tor Strand var hovedunderholderen, og bidro med piano- og orgelspill på de fleste innslag. Sammen med Ola Bræin spilte de en del låter sammen på slutten av konserten. Ola på munnsspill. Bræin og Strand har mange musikalske samarbeid bak seg og kjenner hverandre godt. I følge Bræin er Strand en trygg medspiller. Bræin uttaler at det er veldig inspirerende å spille for et stort publikum, noe han mener det var i kveld. Likevel er de begge enige om at

mengden tilhørere ikke har noen betydning for dem. Strand legger til at det er musikken man spiller som betyr noe, ikke hvor mange som hører på. I følge han kunne han like godt spilt for bare en person. Begge uttaler at arrangement som dette er veldig positivt å delta på. «Det er morsomt når publikum er takknemlig for musikken vi spiller,» sier Bræin, og Strand legger til at dette også er viktig for at kultur skal gå i arv.

Et par kjappe spørsmål til noen av tilhørerne

Intervju med Ola E. Hals:

Hva synes du om konserten?

- Jeg synes konserten har vært imponerende og veldig fin, sier Ola, som har kjørt over 3 mil for å høre konserten.

Har du hørt Hannah Gravem sunget før?

- Ja jeg har hørt henne synge en gang før. Jeg synes hun er flink til å synge. Det er kjempebra at de to ungdommene vil spille sammen med de som er en del eldre enn dem selv.

Har du vært på lignende konserter før?

- Det har blitt en tradisjon, jeg er her hvert år og hører på. Det er veldig sosialt og hyggelig arrangement.

Intervju med Ingrid Bakk

Hva synes du om konserten?

- Jeg synes det er vellykket og det er veldig fint at det er med to ungdommer.

Har du hørt Hannah Gravem sunget før?

- Ja, jeg tror det. Det var i kirken jeg hørte henne første gang. Hun er flink til å synge.

Kyrkjenytt

Søndagsskulen

Søndagsskulen melder om ein glad nyhet: I året 2011 var det 62 nye søndagsskular og barnegrupper som melde seg inn i Norsk Søndagsskuleforbund. I tillegg er det registrert 11 nye tårnagentklubbar på www.taarnagentene.no.

Nye namn

Norsk Søndagsskuleforbund bytter frå 1. januar 2012 namn til Søndagsskolen Norge.

Misjon i Øst bytter frå 1. januar 2012 namn til Stefanusalliansen.

Kristent barne-TV på arabisk

Den kristne barne-TV-serien «Tårnagentene» skal vises for 10 mill seere i Midtøsten og Nord-Afrika gjennom den kristne tverrkirkelige satelittkanalen Sat-7. Sat-7 har fire TV-kanaler i den arabiske verden, og anslagsvis 12 millioner daglige seere på verdensbasis.

Produksjonen er et samarbeid mellom Søndagsskolen og TV Inter. Serien er dubbet til arabisk og persisk og vil formidle bibelfortellingene til arabiske barn.

Kilde: Vårt Land

Ny generalsekretær

Atle Sommerfeldt går av som generalse-

Har du vært på lignende konserter før?

- Ja, flere ganger. Det som er spesielt med denne konserten er at det er litt av hvert, blanding mellom unge og de litt eldre.

Intervju med Åse Koht-Tøfte

Hva synes du om forestillingen så langt?

- Konserten er veldig bra

Har du hørt Hannah Gravem sunget før?

- Jeg vet hvem hun er, men jeg har faktisk ikke hørt henne sunget før nå. Hun er veldig flink til å synge, og det er berikende med disse ungdommene som er med. Ungt er bra!

Har du vært på lignende konserter før?

- Det har blitt en tradisjon. Dette er den åttende gangen. Det som er positivt med denne konserten er lokalet, og at det er med to flinke ungdommer.

Referat frå Nyttårskonserten i Grøa bedehus er skrive av dei fire unge journalistane Inga Bjerkan, Astrid Torske, Helle Sætervik og Britt Kristine Ulvund.

ekretær i Kirkens Nødhjelp og er utnemnd til biskop i Borg bispedøme. Ny generalsekretær er enno ikkje tilsett.

Felleskyrkjeleg general.

Knut Refsdal (42) er tilset som ny generalsekretær i Norges Kristne Råd (NKR) etter Ørnulf Steen.

Rådet er ein økumenisk paraplyorganisasjon for omtrent alle kristne trussamfunn i Norge.

Refsdal er metodistprest og den første leiar av rådet som ikkje er lutheranar.

Styreleiar er Else-Britt Nilsen.

Rådet har som målsetjing å vera ei tverrkyrkjeleg røyst og eit fellesskap på tvers av konvensjonar.

Digital gudstenestereform

Første søndag i advent fekk Den norske kyrkja ny liturgi for gudstenester. Prestar og kyrkjekontor har vore vane med å bruka teksttrekkjer, bønner og liturgiske tekster på nett, men da Den norske kyrkja gav Eide forlag oppdraget med å trykka dei nye gudstenestebøkene, gav dei også frå seg dei kommersielle rettane til den liturgiske teksten i digital versjon. Difor må prostia betala forlaget for tekster dei er avhengige av for å planleggja gudstenestene. Dette vil føra til ein stor meirkostnad for prostia,

Sunnal kirkelige fellesråd

Alle sokn og andre har valgt medlemmer til Sunndal kirkelige fellesråd og fått følgende sammensetning:

Sissel Kårvand, Oddleif Hermo – Hov Menighetsråd.

Nils Ulvund, Anne Marie Dahle Hovde – Ålvundeid sokneråd.

Ingunn Meisal, Einar Mo – Øksendal sokneråd.

Hallvard Vermøy, Britt Gikling – Romfo sokneråd.

Jonny Meland – Sunndal kommune
Jan Fredrik Laskerud – prostens sin repr.

Kirkevergen er sekretær med innstillingsrett.

På konstituerende fellesrådsmøte 30.11. 2011 ble Oddleif Hermo valgt til leder og Sissel Kårvand til nestleder.

noko mange er misnøgde med.

Registrering av trusmedlemar

For å få statsstøtte må alle medlemar av trussamfunn registrerast i Brønnøysundregistret.

På grunn av personvernet er dette omstridt.

Spesielt er Det mosaiske trussamfunn skeptiske. Mange jødar er redde for å registrera seg på grunn av erfaringar frå den andre verdskrig da grundig detaljerte register var medverkande til at deporteringa av jødane frå Norge vart så effektivt, med dei katastrofale følgjer det hadde. I dag er antisemittisme igjen aukande.

Biberekord

Generalsekretær i Bibelselskapet Ingeborg Mongstad -Kvammen kan med begeistring fortelja at salet av den nye bibelen har slått alle rekordar og har frå den vart lansert i oktober vore heilt på toppen av bestseljarlista for bøker, i konkurranse med Jo Nesbø og den populære boka «Hel ved».

80 000 biblar er selde på to månader, og det er snart tomt på lageret.

KPK

Neste nummer kjem
veke 13. Frist for
innsending av stoff er 7. mars.



Gudstenester

Fastelavnssøndag, 19.februar

Joh. 12, 20-33

Halsa kirke kl. 11:00	Gudstjeneste. Offer til Nordmøre Søndagsskole krets
Hov kirke kl. 11:00	Boye. Nattverd.
Gjøra kapell kl. 20:00	Boye. Nattverd.
Surmadal kyrkelydshus kl. 15:00	Gudstjenestleg møte og misjonsforedrag. Kyrjekaffe. NMS
Todalen kyrkje kl. 11:00	Familiegudstjeneste. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet
Tingvoll Kyrkje kl. 11:00	Familiegudstjeneste, ved sokneprest Cathrine Grutle og kantor Ioana Maria Precup. Takkoffer til Scala.
Øre kyrkje kl. 11:00.	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til Menneskeverd.

Askeonsdag 22.februar

Matt. 12, 38-42

Tingvoll Kyrkje kl. 20:00	Skriftemålgudstjeneste, ved prost Gerd Anne Aarset og kantor Ioana Maria Precup.
---------------------------	--

1.søndag i fastetida 26.februar

Matt. 16, 21-23

Valsøyfjord kirke kl. 11:00	Gudstjeneste. Offer til kyrkjebladet.
Rindal kirke kl. 19:30	Tomasmesse. Lene Gåsvatn. Takkoffer til menighetsarbeidet.
Hov kirke kl. 11:00	Storset. Takkoffer.
Ålvundeid kyrkje kl. 19:00	Konsert (Sjå nærare kunngjering.)
Øye kyrkje kl. 11:00	Høgmesse. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet
Straumsnes Kyrkje kl. 11:00	Høymesse, ved prost Gerd Anne Aarset og kantor Ioana Maria Precup. Takkoffer til Amatheia.

2.søndag i fastetida 4.mars

Luk. 7, 36-50

Rindal kirke kl. 11:00	Familiegudstjeneste med utdeling av 4-årsbok. Lene Gåsvatn. Takkoffer ikke fastsatt.
Hov kirke kl. 11:00	Boye. Nattverd
Romfo kyrkje kl. 20:00	Boye. Nattverd
Mo kyrkje kl. 11:00	Høgmesse. Takkoffer til Redd Barna
Stangvik kyrkje kl. 11:00	Gudstjeneste og årsfest. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp
Øre kyrkje kl. 11:00	Høgmesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til kyrkje lydsarbeidet.

3.søndag i fastetida 11.mars

Mark. 9, 17-29

Hov kirke kl. 11:00	Storset. Takkoffer.
Øksendal kyrkje kl. 11:00	Hovde. (Konfirmanter fra Nesset.)
Ålvundeid kyrkje kl. 11:00	Laskerud. Familiegudstjeneste. Takkoffer til

Kyrkjelydsarbeidet. Utdeling av NT.

Bøfjorden bedehus kl. 11:00	Gudstjeneste. Takkoffer til Misjonsprosjektet i Etiopia
Ranes kyrkje kl. 11:00	Høgmesse. Takkoffer til Misjonsprosjektet i Beghi
Tingvoll Kyrkje kl. 11:00	Høymesse, ved sokneprest Cathrine Grutle og kantor Ioana Maria Precup. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet i Tingvoll.
Gjemnes kirke kl. 11:00	Høymesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til Kirkebladet. Kirkekaffi.

4.søndag i fastetida 18.mars

Joh. 3, 11-16

Halsa kirke kl. 11:00	Gudstjeneste med stasjonsvandring. Offer til Kirkens Nødhjelp.
Valsøyfjord kirke kl. 14:00	Gudstjeneste med stasjonsvandring. Offer til menighetsarbeidet.
Tørsåsloa, Rindal kl. 12:00	Friluftsgudstjeneste. Lene Gåsvatn.
Gjøra kapell kl. 11:00	Storset. Takkoffer.
Hov kirke kl. 11:00	Boye. Nattverd.
Todalen kyrkje kl. 11:00	Høgmesse og årsmøte. Takkoffer til Redd Barna
Straumsnes Kyrkje kl. 11:00	Høymesse, ved prost Gerd Anne Aarset og kantor Ioana Maria Precup. Takkoffer til Kyrkjeblad for Indre Nordmøre.
Øre kyrkje kl. 11:00	Familiemesse. Nattverd. Dahle. Høgtun folkehøgskole. Takkoffer til Høgtun. Kyrjekaffi.
Surmadal kyrkelydshus kl. 11:00	Gudstjenesteleg møte. Normisjon

Maria Budskapsdag 25.mars

Luk. 1, 46-55

Halsa kirke kl. 11:00	Gudstjeneste. Offer til menighetsarbeidet.
Øvre Rindal kapell kl. 11:00	Familiegudstjeneste med utdeling av 4-årsbok. Lene Gåsvatn. Takkoffer ikke fastsatt.
Hov kirke kl. 11:00	Familiegudstjeneste. Storset. Takkoffer.
Ålvundeid kyrkje kl. 11:00	Boye. Nattverd. Takkoffer til Solhøgda.
Øye kyrkje kl. 11:00	Familiegudstjeneste. Utdeling av 4-års bøker. Takkoffer til Trusopplæringa.
Tingvoll Kyrkje kl. 11:00	Høymesse, ved sokneprest Cathrine Grutle og kantor Ioana Maria Precup. Takkoffer til Kristent Interkulturelt Arbeid.
Angvik bedehus kl. 11:00	Gudstjeneste. Dahle. Takkoffer til Normisjon

Palmesøndag 1.april

Matt. 26, 6-13

Mo kyrkje kl. 11:00	Familiegudstjeneste. Utdeling av 4års bøker. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Stangvik kyrkje kl. 19:30	Kveldsmesse. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet
Osmarka kapell kl. 11:00	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til Norsk luthersk Misjonssamband.



DØYPTTE — VIGDE — DØDE

Døyppte	GJEMNES	09.12. Bergljot Sæter f. 1957
HALSA	04.12. Jenny Husvik Dønheim	21.12. Bjørg Smisethjell f. 1936
23.10. Sara Marie Gartner Sørlic		
27.11. Trygve Lervik		
27.11. Camilla Ruth	Vigde	ÅLVUNDEID
27.11. Caroline Øren Skålvik	RINDAL	23.11. Ivar Martin Hyldbakk f. 1940
	23.12. Lill-Ann Kristoffersen Solstad og Arve Sletta Solstad (viet ved menighetskontoret)	18.12. Inger Kårvatn f. 1922
RINDAL KIRKE		
29.01. Romund Opøien Halgunset		
29.01. Ola Landsem		
29.01. Oda Øyaseter Røen	HOV	ØYE-RANES
29.01. Signe Halgunset	14.12. Inger Bente Gjøvik og Kåre Jonny Hønsvik	23.12. Eirik Melling f. 1933
29.01. Matheo Løset	14.12. Anne Helen Smisetfoss og Arne Vidar Myhre	07.01. Åse Skei f. 1926
		12.01. Oddny Aasen f. 1946
ØVRE RINDAL KAPELL		
22.01. Synne Hagen Eide		MO
		08.12. Else Astrid Røv f. 1923
		28.12. Agnes Rindal f. 1915
ROMFO	ØYE	
27.11. Anna Bjerkaas Kamsvåg	27.12. Unn Beathe Niskavara og Ole Kristian Skjermo	ÅSSKARD
27.11. Tobias Heggem		01.12. Ida Bertine Dønheim f. 1933
27.11. Alma Gikling	TINGVOLL	06.01. Olaf Nikolai Dahl f. 1937
	30.12. Knut Jostein Solli og Lena Husby	
HOV		
03.12. Tomine Furu	Døde	STANGVIK
11.12. Loke Alexander Ødegård	VALSØYFJORD	13.01. Sverre Kvande f. 1922
15.01. Elise Hammerbekk Haug	24.11. Magne Hestflått f. 1946	
22.01. Sivert Storholt Bugge	15.12. Margot Odlaug Enge f. 1916	TINGVOLL
		05.12. Margit Dybvik f. 1925
ØKSENDAL		24.12. Astrid Bjerkhof f. 1918
27.11. Herman Gjershaug	RINDAL KIRKE	30.12. Lars Nordbø f. 1937
	26.11. Ingeborg Bjørnås f. 1919	23.01. Bergljot Kallset f. 1929
ÅLVUNDEID	04.01. Olav O. Tørset f. 1928	
15.01. Aksel Gravem Walseth		STRAUMSNES
		08.12. Jan Jørgensen f. 1937
ØYE/RANES	ØVRE RINDAL KAPELL	24.01. Kåre Kvisvik f. 1950
29.01. Aron Brøske Vikavoll	04.12. Bjarne Møkkelgård f. 1920	
		ØRE
TODALEN	HOV	09.12. Runhild Annie Mathisen f. 1947
31.12. Lisa Raness	26.11. Margit Pauline Ottem f. 1920	11.12. Gunvor Bjerkeset f. 1928
31.12. Jacob Raness	08.12. Olav Karsten Bjørshol Bae f. 1926	16.12. Johanne Myklebost f. 1913
	10.12. Modolf Ljøkelsøy f. 1923	17.12. Roar Robertsen f. 1952
ÅSSKARD	14.12. Mary Evgenia Folde f. 1914	30.12. Gunn Sofie Lønseth f. 1960
08.01. Ingrid Aasbø	22.12. Karen Annie Toresen f. 1952	31.12. Johanne Eriksen f. 1923
	29.12. Per Magnar Søyseth f. 1936	03.01. Kristen Magnar Hoem f. 1915
	08.01. Kristine Marie Røsand f. 1924	17.01. Einar Hyllnes f. 1929
TINGVOLL	10.01. Erling Ingebrigtsen f. 1920	22.01. Myrthel Romuld f. 1928
15.01. Frida Skar Bulling	13.01. Ivar Furu f. 1928	
	16.01. Tor Søderberg f. 1928	
STRAUMSNES		
22.01. Nikky Vatn	ØKSENDAL	
	06.12. Nils Erstad f. 1947	



HALSA

Halsa - Valsøyfjord

Soknepresten 71 55 96 38
 Kirkekontoret 71 55 96 39
 E-post kirkeverge: kirkeverge@halsa.kommune.no
 Bildet: Halså kirke

Korvetten/Søvassliringen barnelag

I mange år har det vært to barneforeninger i kommunen, men i det siste har vi hatt samlinger i lag. Vi har lagt bak oss en spennende høst med mange aktiviteter. Siden Halså menighetsråd skal lage en trosopplæringsplan for barn fra 0-18 år, tenkte vi å prøve noe nytt som kanskje kunne inn i den planen.

Vi har hatt to kirkevandringer, en i Halså kirke og en i Valsøyfjord kirke. Vi var oppe i kirketårnet, lekte dåp og vigsel, var på symboljakt, prøvde ut prekestolen, tente lys i globen, sang mye og vi avslutta med kveldsmat.

Før jul hadde vi et kjempekoselig juleverksted med over 20 barn fra 4 opp til 12 år. Mange foreldre var også med. Etter at alle hadde laget fire, flotte julegaver, avslutta vi med pepperkaker og frukt.

Nå har vi satt opp ny plan for våren 2012. Er du 4 år eller eldre, er du velkommen på samlingene våre. Der synger vi kristne barnesanger, og du får høre en liten andakt. Utlodning og mat hører også med. Den første samlinga blir i Skogheim hos Inger Karin, 18.februar kl 18.00. De andre datoene du må sette av er 28.mars og 2.mai.

Inger Karin Foseide

Gave til Halså kirke

I fjor fikk Halså Menighetsråd en gave fra en tidligere Halsåbygg, Arthur Korsnes. Pengegaven på 100 000 kr. ønska han skulle brukes til beste for kirken, men ikke gå inn i den ordinære driften. Arthur døde i juni i fjor og ble gravlagt på Halså kirkegård. Halså kirke har alltid hatt en spesiell plass i Arthur sitt hjerte. Hans engasjement for kirken har vært stort opp gjennom hele hans voksne liv.

Opp gjennom årene har han gitt pengegaver for innkjøp av busker, blomster, bærevoan med mer. Alle gaver som har kommet godt til nytte.

Halså Menighetsråd takker for gaven og har allerede nå drøfta ulike ting gaven kan brukes til, men har ennå ikke tatt stilling til konkrete prosjekt.

Kirkevergen.



Stormen herja på kirkegårdene på Halså

Stormen Dagmar herja bra på kirkegårdene både i Halså og på Otnes.

Kirkebygget på Halså ble ikke skadet, mens mønet med det nylagte kobberbeslaget reiste på hovedbygget ved Valsøyfjord kirke. I tillegg til dette blåste takstein både på kirke og sanitærbygg av på Otnes. Arbeidet med å få dette på plass vil starte opp så snart som mulig. Kirkevergen oppfordrer alle til å sjekke gravstedene sine. Særlig ved Otnes kirkegård ligger det ennå mange gravstøtter nede.

Stormen har herjet både med kranser, lykter og gravstøtter. Mange har nå vært og rydda ved sine gravsteder, men ennå er det flere gravstøtter som ligger nede. Denne gang var det ikke bare ufasta gravminner som velta, nei stormen har denne gang tatt med seg sokkelen og velta steinen. Det er festeren som er ansvarlig for gravsted og gravminne. For ettertiden kan vi anbefale jordspyd som går et stykke ned i jorda. Dette vil sikre steinen fra å falle ved senere stormer .

Kirkevergen



Denne gang var det ikke bare ubolta gravminner som velta. Nei, denne gang hadde steinen også tatt med seg sokkelen idet den velta.



SURNADAL

Øye - Mo - Ranese

Kyrkjekontoret 71 65 70 60
 Telefaks 71 65 70 61
 Sokneprest Stangvik 71 66 33 30
 E-post kyrkjeverje: ingeborg.nordlund
 @surnadal.kommune.no
 Biletet: Ranese kyrkje - Stangvik kyrkje



Temahelg med Kristin Solli Schøyen

Kyrkjelydshuset i Surnadal 2.-4.mars 2012

Kristin Solli Schøyen er i dag bosatt i Eidskog i Hedmark Hun er leder av «Kulturkammeret», en bedrift i Larvik som driver innen utøvende kunstnere og underholdningsvirksomhet innen scene-kunst. Hun har doktorgrad i pedagogikk og har skrevet sin avhandling om « Hvordan øve hellige handlinger ». Av sitt forfatterskap er hun kanskje mest kjent for sine salmer. Vi har vært så heldige å få henne hit som inspirator og veileder med tanke på den nye gudstjenestereformen.

Fredag 2.mars vil hun møte stab og ledere i kirken.

Lørdag 3.mars vil vi invitere alle nye sokneråd og andre interesserte til å delta på en konferansedag der vi foruten å la oss inspirere også vil utfordre til å delta på «gudstjenesteverksted»

Søndag 4.mars arrangerer vi gudstjeneste der vi regner med at Kristin vil delta med noe av sitt eget.

Dette kommer vi tilbake til i invitasjoner og annonsering.

Hilsen Kirsti Hjørnevik Diakonileder Surnadal og Rindal

Ny diakon i Surnadal

Kirsti Hjørnevik vart tilset i full stilling som soknediakon i Surnadal frå i haust. Ho tek samtidig grunnkurs i sjelesorg som ho blir ferdig med til våren. Til hausten skal ho ha permisjon for å ta pastoralklinisk utdanning ved Institutt for sjelesorg på Modum, der ho har fått ei stipendiatstilling.

I arbeidet sitt ønskjer ho å satsa meir på sjelesorg og sorggrupper, samt åndeleg vegleing som er hennar spesialinteresse ved sidan av tradisjonelt diakoniarbeid som treff for eldre, babysong, opplegg for psykisk utviklingshemma, tilrettelegging for konfirantar med spesielle behov og besøksteneste.

Ho har også fått ein avtale på sjukeheimen med diakonitid på føremiddagen, der pasientar kan avtala samtaler og diakonal hjelp. Dette er eit tilbod til pasientar og pårørande, noko som fungerer godt. I dette arbeidet er det ein god ballast å vera sjukepleiar, seier Kirsti, som også har tankar om kva kyrkja skal bidra med for sine medlemmar. Sjå artikkelen «Hva har vi å tilby som lokal kirke i 2012?» som Kirsti har skrive.

ERE



Notis

Kvar måndag kveld frå kl.20:00-21:00 er det bønemøte på Surnadal kyrkjelydshus. Alle er velkomne.

Hjul under tunge bærer

«Å bære tungt langs en kjøvevei burde være nødvendig når hjulet er oppfunnet. Likevel er det skjebnen til millioner av kvinner og esler her i Etiopia. Heldigvis gjør arbeidet med å lære folk å bygge hjulnav, akslinger, vogner og seletøy gode framskritt,» fortel misjonær Hans Birger Neergård frå Begi i Etiopia, der kyrkjelydane i Stangvik og Surnadal har sitt misjonsprosjekt.

– Er dette misjon?

– På kyrkjelydshuset på Skei søndag 19.februar kl.15:00 får vi møte Neergård. Han er ein praktisk mann, ein levande forteljar og ein lun humorist med lang erfaring frå arbeidet med å gi fattige menneske ein lettare kvardag. Ein blir ikkje fort lei av å høre på han.

Vi startar med gudstenestemøte, held fram med kyrkjekaffe og eit spennande møte med folket i Begi.

Sverre Hatle

Angående fasteaksjonen

Tirsdag 27.mars blir det lokal aksjonsdag her. Konfirmentene vil som før få oppgaven med å gå med bøsser, og det enkelte sokn organiserer sine bøssebærere. Fredag 23.mars vil det på kvelden bli arrangert et informasjonsmøte for konfirmanter og foreldre der vi får besøk av et omreisende ungdomsteam som kan gi grundig informasjon om årets innsamlingsaksjon

Informasjon om selve innsamlingsfor-

Gåver til restaurering av orglet i Ranese

Instrumentenes Dronning; orglet i Ranese skal i næraste framtid restaurerast, og til dette arbeidet trengst det midlar!! Det er søkt sponsormidlar hos lokale bankar og bedrifter, men om det er nokon foreningar/private som vil gje ei gåve, så er det fullt mogleg!

Konto 40405587256 Merk overføringa «orglet i Ranese»

Bønedag i Surnadal

Samling om kvinnes internasjonale bønedag i Surnadal blir som vanleg på Kyrkjelydshuset fredag 2. mars kl 18:00.



Hans Birger Neergård

målet finner dere på nettet – vi skal ha møte med KN kontakter og Bente Hjertenæs onsdag 25.februar. I år mangler vi Distriktskontakt, men soknerådene får tilsendt den informasjon de trenger fra KN.

Hilsen Kirsti

STANGVIK

Stangvik - Todalen - Åsskard



RINDAL

Rindal sokn

Menighetskontoret 71 66 47 55
Telefaks 71 66 47 01
E-post kirkeverge:
ingeborg.nordlund
@rindal.kommune.no
Bildet: Rindal kirke

Juletreffest med fleire høgdepunkt

Helge Gudmundsen, «høttrindaling» og NRK-kjendis, var talar på juletreffest på Lomundsjø bedehus i år også, slik han sikkert har vore i 10 år. I tillegg var det besøk av musikk-krefter frå fleire nabobygder. Det gjorde at det mesta ikkje var tome stolar i bedehuset.

Gå ikkje inn i det nye året med å samle på negative ting, var Gudmundsens påminning til oss.

Vi må samle på dei gode opplevingane. Gløm ikkje det gode, sa han, og minte oss om dei positive opplevingane han har hatt i lag med Flatås Lions i året som gjekk.

Gud har også samlemani, - han vil ta vare på oss, sa Gudmundsen. Han vil ta vare på oss alle, vil ikkje miste ein einaste ein!

Tekst og foto Ole T



Frå Surnadal var det besøk av Karen Oddny og Sigfred Gravvold med Oddmund Solem på trekkspill. Karen Oddny framførte også juleverset *Et lite barn så lystelig slik den har vore sunge på Åsbønå i fire generasjonar!* Spennet var stort frå denne til den norske oversettinga av *The Carpenters Top Of The World*, der store deler av forsamlinga nynna med!



I pausen fikk vi tre innslag av ei svært eksklusiv gruppe med tre trekkspill og sag, og utøvarar frå tre kommunar og to fylke! Vi ser «sagføraren Sivert Hoel, Rennebu, trekkspelarane Jan Sturla Jensvold frå nabohuset(!), Oddmund Solem frå Surnadal og Arnfinn Gunnes frå Rennebu.



Rennebu Musikklag er et tradisjonelt musikklag, men er av dei få som i tillegg til trekkspill og gitar, stiller med eigen «sagførar»! Sivert Hoel har spela på sag i over 50 år. Ein av songane musikklaget framførte var Leonard Gudmundsens julesong *Jesus kom til jorden*. Leonard var far til Helge Gudmundsen. Siste songane til musikklaget hadde høg allsangfaktor, og dei avslutta med *Som en herlig guddomskilde med heile forsamlinga som kor*.

Vakker førejulsconsert

Todalskoret og Åsskard kyrkjekor hadde ein vakker konsert i Todalskyrkja og Åsskardkyrkja før jul. I Todalskyrkja var det berre 13 songarar, men ein kunne tru det var eit stort katedralkor da dei framførte «Halleluja-koret». Konserten hadde også god musikalsk støtte frå musikkskulen, på fiolin, fløyte og bass.

Programmet var variert, frå folkemelodiar og salmar til Dagsviks Julekantate. Mange av stykka hadde fine soloparti ved Sigrid Vetleseter Bøe, Nora Bøe og Øystein Moe m fl.

Som ei markering av Elias Blix-jubileet fortalde Torgrim Tunes interessant frå livet hans og las kjente julesalmar av Blix på ekte Nordlandsmål.

Tekst og foto ERE



Hyggekveld

Bedehusforening på Eide bedehus fredag 16. mars kl 19.00.

Hyggekveld med andakt ved sokneprest Vidar Rygh. Song og musikk. Utlodning og servering. Alle velkomne!

Litt om folk og stillinger i samarbeidsområdet Rindal, Surnadal og Halså.

Prestene har foretatt en jobbrotasjon fram til sommeren.

Leif Endre Grutle fungerer som sokneprest i Stangvik, mens Bernt Venås blir å treffe i Halså. Erik Blomstrøm har gått over i en seniorpreststilling i Ytre Nordmøre, men fortsetter med konfirmanter i Halså og Surnadal fram til sommeren.

Menighetspedagog Bodil Kvam Åsbo har fått ei lita jente og har svangerskapspermisjon et år. Elsa Jensvold vikarierer for henne i denne tida.

Kirketjener Einar Lillegård i Rindal går av 50% med AFP, den 50% stillingen er nå lyst ledig.

Kirkevergen

Møte med kyrkja

«Eg ønskjer at folk skal vita at her finst det omsorg.» seier kontorsekretær Lene Wilhelmsen som møter oss smilande og blid på Surnadal kyrkjekontor, der ho har arbeidd frå 1.april.

Ho er 37 år og opprinneleg frå Finnmark, men har budd mange andre stader, og jobba på Transportsentralen i Surnadal før ho fekk stillinga på kyrkjekontoret, der ho trivest kjempegodt. Arbeidet er spennande og variert og har med menneske å gjera. Det er lite rutineprega, for det dukkar stadig opp nye og uforutsette ting, forutan ansvar for å tilrettelegga formelle ting for kyrkjelege



handlingar etc.

Ho opplever det heller ikkje som noko problem å greia oppgåvene som einsleg mor med tre born.

Lene seier ho alltid har hatt ei kristen tru, «men eg visste likevel ikkje kva ressursar kyrkja har. Eg har ikkje tenkt på kyrkja anna enn som seremoniar, slik eg trur mange menneske gjer. Så opplevde eg at her vart eg tatt imot på ein veldig fin måte i ein vanskeleg livssituasjon. Eg fekk visa mine følelser og vera meg sjølv. Og dette føler eg at bør bringast vidare.» seier Lene som har sterke idear om korleis kyrkja bør vera i møte med menneske.

Ho ønskjer at folk skal føla kyrkja og kyrkjekontoret opent og samtidig stengt. For her stenger ein døra ved samtalar, ingen andre veit kva som blir sagt, og det er strengt taushetsbelagt. Ein blir forstått om ein kjem med personlege ting.

«Eg ønskjer at folk skal vita at her finst det omsorg.» gjentar Lene, «for eg trur mange treng samtale eller ei hand å halda i.»

Ho meiner også at det er viktig at dei som arbeider på eit kyrkjekontor ikkje svarar avvisande dersom det er noko dei ikkje veit, men at ein kan



tilby å ringa tilbake når ein har undersøkt.

Det er kyrkjas oppgåve å møta folk der dei har behov, noko som blir tydelegare i krisesituasjonar.

Mange oppfatar kyrkja som dømande og moraliserande. Kyrkja er moral, men ikkje moraliserande. Det er ingen plass ein kan få slik forståing og tilgjeving som i kyrkjas fellesskap, meiner Lene. Ho seier at trua hennar har vorte styrka gjennom prøvingar.

«Eg tenkjer på arbeidet mitt og livet mitt som ei gåve for Gud.»

Tekst/foto: Einy Rendal Elgsæther

Fasteaksjon

Den årlege fasteaksjonen i kyrkja har innsamling til Kirkens Nødhjelps arbeid i mange land. Kirkens Nødhjelp er ein frivillig og felleskyrkjeleg organisasjon som arbeider for menneskas rettar forandra i Guds kjærleik til alle menneske. KN arbeider gjennom kyrkjelege og lokale organisasjonar for å hjelpe fattige og undertrykte til eit betre liv. Når store katastrofer rammar, er Kirkens Nødhjelp alt organisert i landet og kan gi hjelp raskt gjennom sitt kontaktnett.

Over ein milliard menneske lever i ekstrem fattigdom. Urettferda tek menneskeliv kvar dag. I år set Kirkens Nødhjelps fasteaksjon fokus på økonomisk rettferd. Saman kan vi kjempa for ei verd utan fattigdom.

Det er kyrkjelydar landet

rundt som står for gjennomføringa av Kirkens Nødhjelps fasteaksjon.

Pengane som blir innsamla går til Kirkens Nødhjelps arbeid over heile verda.

Eit av prosjekta i år er ernæringsarbeid i Guatemala der 60 % av innbyggjarane i landet er urfolk, av mayaslekta. Underernæring er ei stor utfordring blant mayafolket. Difor har CIEDEG, protestantisk tverrkyrkjeleg organisasjon som KN samarbeider med, starta kvinnegrupper der det blir gitt opplæring i berekraftig jordbruk og støtte til å byggja drivhus.

Støtt innsamlingsaksjonar ved konfirmantar og andre, ta vel imot dei! Sjå lokal annonsering.

Eller støtt aksjonen direkte på kontonr 1594 22 87493 eller



Catarina og dottera. (Foto: Laurie MacGregor/Kirkens Nødhjelp)



**Kyrkjeblad for
Indre Nordmøre**
Utgjevar:
**SOKNERÅDA PÅ
INDRE NORDMØRE**

REDAKTØR:
Einy Rendal Elgsæther
6645 Todalen
☎ 71 66 02 81
E-post: einyre@gmail.com

REDAKSJONSSEKRETÆR:
Ole Trygve Foseide
☎ 976 82 829
E-post: kyrkjeblad@gmail.com

BLADPENGAR:
Frivillig kontingent
Kyrkjeblad for Indre Nordmøre
Kontor Service A/S
Postboks 72
6630 Tingvoll
Bankgiro nr.: 4050 40 46232

SATS/REPRO/EKSP.:
Prosit Design og
Kommunikasjon as
☎ 71 66 50 80
E-post: post@prosit-design.no
6657 Rindal

TRYKK:
Wennbergs Trykkeri AS
☎ 72 88 98 00
7075 Tiller

KYRKJEBLADET PÅ NETT:
<http://www.rindal.kirken.no/>

Sjå øvst til høgre på menylinja